



Familie- og siglar-middag på Korsnes måndag kveld. Frå høgre rundt bordet sit Bjarne Lilleaas, Timm Pfeiffer, Ingrid Pfeiffer, Mette Berit Lauvsnes, Åsmund Lilleaas, Kari Lilleaas og Kjetil Lilleaas. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I februar 2006 møtte siglarparet Timm og Ingrid Pfeiffer frå Hamburg siglarparet Bjarne Lilleaas og Mette Berit Lauvsnes frå Uskedalen i Store Bay på Tobago. Seinare traff dei kvarandre att på Antigua og vart einig om at dei måtte treffast i Uskedalen når paret kom til norske farvatn. Og måndag fann det møtet stad heime hos Bjarne og Mette på Korsnes. På menyen stod kotelettar, raudvin og mange fine siglarminne!

Sonnenschein frå Hamburg og Fatuhiva frå Uskedalen fekk – svært fortent - kvila i fortøyningane sine denne kvelden. Lækjaren Timm (68) og læraren Ingrid (62) var fulle av begeistring over å vera i Noreg på eigen kjøll og ikkje minst over naturen i Uskedalen og Kvinnherad. Snøen på toppane minna dei om New Zealand.

Timm har vore her fire gonger før, men då som deltakar i medisinske kongressar.

Og dei har sanneleg noko å samanlikna med, for frå 1994 og dei neste ni åra var dei undervegs verda rundt i Sonnenschein.

Då gjorde dei det som så mange andre har drøymt om men som dei ikkje har hatt vilje eller mot til: Å kutta ut eller trappa ned yrkeslivet før pensjonsalderen og i staden leva det gode liv! Men medan dei sigla, var dei heime fem gonger, ikkje minst for å vitja borna som bur i Hamburg og London.



- Der kryssa vi Stillehavet! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tre år var dei i Australia og Timm er ikkje i tvil om at denne delen av verda ligg hjartet hans svært nær "fordi det er så stort og annleis". Og Ingrid er svakast for New Zealand fordi folk der har eit høgt utvikla sosialt sinnelag. Men paret likte seg også godt i Sør- og Aust-Afrika, og vart der eit heilt år. Eit anna langt og spanande opphald hadde dei på nokre øyar i Stillehavet. Der hadde Timm jobb som lækjar og det var litt av ein utfordring for ein spesialisert mage/tarm-doktor!

Timm og Ingrid var forresten slett ikkje skårungar som siglarar då dei la avgarde i 1994. Dei har sigla saman i 40 år – sidan dei traff kvarandre som studentar i Kiel! Då sigla dei med universitet sin båt Sonnenschein. Då dei fikk

seg ein ny båt, måtte den heite det same!

Paret har berre gode erfaringar etter sine mange år til sjøs. Ikkje har dei vore sjøsjuke og ikkje har dei vore utsett for dramatisk av noko slag.

- Ikkje eingong dårleg ver?

- Nei, men forklaringa er sjølvsagt den at Timm er ekstremt flink når det gjeld å høyra på vervarsla og ikkje minst ta omsyn til dei. Det kan ein gjera når ein har god tid og ikkje stressar avgarde, svarar Ingrid.



Sonnenschein kvilar i båthamna (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Eigentleg møtte eg deg i vatnet, seier Ingrid til Bjarne og siktar til at den sosiale hallingen har det med å symja rundt og helse på folk når han er ute og siglar. Slik var det også på Tobago.

Då Ingrid såg at Bjarne stupte uti, sette ho på kaffen.

Men Bjarne legg ikkje skjul på at han også har vorte invitert på øl når han har plaska rundt.



Fatuhiva kvilar på Korsnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tirsdag forlet Timm og Ingrid Uskedalen og Sundal med tur opp til Bondhusbreen som det neste målet.

Og det naturlege spørsmålet til Karibien-siglarane Bjarne og Mette er om dei kjenner seg freista til å leggja ut på ein ny og kanskje like lang tur som de to tyske siglarvenene.

- Nei, ikkje så lang, men kanskje ein tur på rundt eit halvt år, lyder svaret.

Av Ola Matti Mathisen



- Hugser du kva som skjedde på Antigua? Siglarvenar har mykje å minnst. Bjarne til høgre, Timm i midten og Ingrid til venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)